

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 32/2006

Møtedato: 14.6.06

Arkiv nr: F 492

F 492, Buøddin – søknad om dispensasjon

Knut Joacim Berg søker om dispensasjon til å utvide annekset slik at samla grunnareal går opp fra 102,5 m² til 104 m².

I statsallmenningen er det grense på 80 m² bruksareal (BRA). Dette tilsvarar ca 90 m² grunnflate. Søknad om dispensasjon kan godkjennast dersom det ligg føre særlege grunnar.

Søkjaren opplyser i sin søknad at han fekk føre opp tilbygg til annekset i 1986 pga dotter sin sjukdom. Lukt frå utedoen sjenerer henne sterkt. Doen er også vanskeleg å tømme.

Fjellstyret brukar ikkje behandle søknader om dispensasjon utan det er oversendt frå teknisk avdeling i kommunen. Søknaden er ikkje sendt kommunen, men saksbehandlar opplyser at dette er ei sak dei ville sende fjellstyret for uttale.

Vedtak:

Fjellstyret meiner at problemet med luft kan løysast ved at døra til eksisterande utedo blir flytt til utsida i staden for å bygge ny do på utsida. Arealet det er tenkt å byggja på er likevel så lite at fjellstyret ikkje vil motsetta seg at det blir gjeve dispensasjon.

Fjellstyret gjer merksam på at bygging føresett godkjenning av kommunen.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.6.06

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Knut Joacim Berg